

Søknad Fritt Ord

Søker: Strilabiblioteket, Alver kommune,

Prosjektets navn: Det flytande litteraturhuset på Vestlandet

Prosjekttype: Formidlingsprosjekt og pilotprosjekt for å utvikle ein desentralisert og oppsøkjande litteraturhusmodell.

Kort prosjektbeskrivelse:

Bokbåten Epos skal leve vidare som litteraturhus. Pilotprosjektet vil prøve ut ein modell der kommunane organiserer tilbodet som ein årleg litteraturfestival med formidling av litteratur, samtalar, utstillingar og utlån av litteratur. Minst 28 kommunar blir med i prosjektet. Strilabiblioteket i Alver kommune er prosjekteigar.

Prosjektet:

Bokbåtenesta i Hordaland starta i 1959, Epos har vore i teneste som bokbåt sidan 1963. Fram til juni i år har besøka brakt liv og inspirasjon til utkantstrok, og har i mange tilfelle representert det einaste offentlege kulturtilbodet i nærmiljøet. Etter nedlegginga av bokbåtenesta i Møre og Romsdal fylke i 2019, og Vestland fylke i 2020, var det mange som meinte at dette var eit stort tap for kulturlivet på Vestlandet, spesielt for dei små stadane langs kysten og langt inn i fjordane. Det har derfor vore arbeid aktivt med å få på beina ei ny teneste med nye tankar og driftsform.

Strilabiblioteket og kulturkontoret i Alver kommune har invitert alle folkebibliotek og kulturkontor på Vestlandet til å samarbeide om å utvikle og utvide bokbåten til eit mobilt litteraturhus.

28 kommunale bibliotek, tilhøyrande Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal, har pr. 8. september 2020 svart positivt på dette. Biblioteka ønskjer å starte eit pilotprosjekt i 2021 der dei påmelde biblioteka driv bokbåten som eit samarbeidsprosjekt mellom folkebiblioteka, kulturkontora og andre frivillige organisasjonar i kommunen.

I staden for at fylkeskommunen driv tenesta vil dei lokale biblioteka ha heile ansvaret for tenesta i sin kommune. Biblioteka stiller med personale på dei stadane som får bokbåten på besøk. Vestland fylkeskommune stiller boksamlinga til disposisjon, og kvart kommunale bibliotek kan supplere med eiga samling om bord. Det vert utlån av bøker frå båten, men målet er ikkje å få høge utlånstal. Fokus vil liggje på litteraturformidling i form av presentasjonar, samtalar og utstillingar. Kommunane legg sjølve opp programmet i sin kommune. Det kan bli debattkveldar rundt lokale tema, små kurs og verkstadsaktivitetar, samarbeid om turnear med forfattarar, teater, musikk og liknande. Vi har innleidd eit samarbeid med Tekstalliansen som har fått støtte frå kulturelt utviklingsprogram (KUP).

Eit konkret døme på organisering og drift av eit litteraturhusbesøk frå bokbåten Epos:

Kulturkontor, representantar frå frivillige lag og organisasjonar og biblioteket vil i samarbeid utvikle programmet for dei lokale litteraturhusdagane.

Alver kommune vil til dømes i utgangspunktet satse på å ha bokbåten i tre døgn. Det vert program om bord heile dagen. Til dømes to barnehage- og skulebesøk kvar dag, det vil seie til saman tolv barnehagar og skular kjem om bord. På båten vert borna møtt av to bibliotekarar og eit kulturprogram. Ungane vil til dømes få oppleve barneteater, forfattarsamtaler, tilrettelagt konsertprogram og temapresentasjonar. Om ettermiddagen vert det ope hus, spesielt med tilrettelagte aktivitetar for ungdom, og på kvelden vert det arrangert ulike program for vaksne. Det kan vere debatt om aktuelle lokale tema, til dømes debatt rundt kva som skal gjerast med vraket av den tyske ubåten på Fedje, det kan vere forfattarsamtalar, musikkkveldar, foredrag og anna.

Andre kommunar vil bruke båten slik det passar best for dei lokale tilhøva, til dømes som scene og arena på litteraturfestivalar. Dette er allereie prøvd ut på Falturiltu-festivalen i Leirvik på Stord og bLEST-festivalen i Tysvær kommune i Rogaland.

Tilsaman vil dei 28 kommunane kunne levere eit variert og spanande program som både kan trekkje folk frå nærmiljøet og over kommunegrensene.

I 2021 ønskjer vi å gjennomføre eit pilotprosjekt der biblioteka prøver ut om denne desentraliserte modellen for eit mobilt sjøgåande litteraturhus har livets rett. Det vert eit år der ein utviklar og utfordrar alle sider ved ein ny driftsform for denne unike vestlandske kulturinstitusjonen.

Søknadsbeløp: 800.000

Totalbudsjett: 2.350.000

Drift bokbåten Epos: 45 døgn: 900 000 (42 reisedøgn, 3 reise/laste-losse-døgn)

Lokal bemanning og arrangement: 1.450.000

Start- /sluttdato: 1.1.2021-31.12.2021

Kva skal støttebeløpet konkret brukast til:

Drift av bokbåten, leige av båt = lønn til mannskap, bunkers, avgifter til kaiar, administrasjon

Fremdriftsplan:

Januar: Oppretting av kommunale ansvarsgrupper, avtale med båteigar

April: Vårprogrammet klart. Lokal informasjon og PR

Mai/juni: Oppstart rute: 21 døgn med det flytande litteraturhuset

Juni: haustprogrammet klart. Lokal informasjon og PR

August/september: Framhald rute, 21 neste døgn

November: Sluttrapport og eventuell plan for vidareføring

Det flytande litteraturhuset på Vestlandet
BUDSJETT OG FINANSIERINGSPLAN

UTGIFTER

Drift av båt	900000
Litteraturhuset: Personale og arrangement	1450000
Samla sum	2350000

INNTEKTER

Fritt Ord	800000
Vestland fylkeskommune	100000
Kommunane	1450000
Samla sum	2350000